

Forelegging av planer om tiltak innen områdekonsesjon.

BKK Nett AS sin saksbehandler for dette tiltaket:

Ingvard Jordal
Mobil: 55127173

Denne foreleggningen gjelder etablering av elanlegg innen rammen av områdekonsesjon. Etter vilkår i konsesjonen skal planene for nyanlegg forelegges kommunen, fylkesmannen, grunneiere, rettighetshavere og andre berørte parter. Foreleggningen gjelder for følgende tiltak:

Informasjon om tiltaket:

Høgspent kabelanlegg

*Ca. 4,4km med ny 22kv høgspenkabel og fiberør langs E39 over Romarheimsdalen.

*Båndlagt areal blir eit belte på 2m i heile trasen, 1m ut frå senter trase til kvar side.

*Traseen går langs E39 frå Steinareset/Seterlia i Masfjorden til nordsida av Nipetunnelen i Lindås kommune. Derifrå grev me ca. 300m grøft i gamlevegen, som no er stengd, før me brukar borehol fram til nettstasjonen ved E39 på sørsida av Nipetunnelen. Der knytar me oss på eksisterande nett. Kabelen vil liggje i rør heile vegen.

*Over Nipetjørn trekkjer me kabelen i rør og fyller røret med vatn slik at det søkk. Fiberrøret vil me feste lodd på slik at det søkk ned. Graving av traseen inn mot tjernet vil skje på ein så skånsom måte som mulig for å hindre for mykje avrenning av jord ut i vassdraget.

Vedlagt ligg traseplan i tre deler i målestokk 1:5000

Systemmessig begrunnelse:

Tiltaket er ein del av ein større plan. Dette kabelanlegget opnar for at me kan forsyne frå kraftstasjonen på Matre mot Ostereidet. Den opnar og for at småkraftverk i området, kraftverket på Nøttveit, kan få levere ut på nettet. Det er og den utløysande faktor for at tiltaket kjem no

Forhold til eksisterende arealplaner:

*I Lindås kommune vekslar traseen mellom å liggja i Reguleringsplan E-39 Gamleseter - Nipetjønn (1263-11062003) og Kommuneplan for Lindås 2011 - 2023 (1263-200815). Der traseen ligg utanfor reguleringsplanen og dermed i kommuneplanen er det LNF området.

*I Masfjorden kommune er det kommuneplanen som er gjeldande og traseen ligg i LNF området.

*Dette er ikkje urørt terreng og kabeltraseen vil ikkje endre terreng eller landskap.

Strekket er avsett til veg som er offentlig infrastruktur. Straumforsyninga er og offentlig infrastruktur. Siden det er eit jordkabelanlegg det er snakk om og det ikkje blir synlege installasjoner meiner me at dette er innafor bruken området er avsett til. BKK Nett meiner derfor det ikkje er nødvendig å søkje dispensasjon frå arealplan. Dersom kommunane er usamde i det ber me om tilbakemelding på det, så vil me søkje dispensasjon.

Kort beskrivelse av konsekvenser tiltaket vil få for miljø og arealbruk:

Kabeltraseen føl E39 og legg derfor ikkje beslag på areal som ikkje allereie er beslaglagt av vegen. Frå Nipetjørn vil traseen liggje mellom vegen og rørtraseen til Nipo Kraft.

*Tiltaket er ikkje i konflikt med kjende kulturminner eller verna natur.

'Kabeltraseen vil krysse ein Tursti frå busstoppet E39 og mot Kalvedalshytta. Det vil vere ei ulempe dersom noko skal bruke stien når me grev over den. Sidan me legg ned rør og trekkjer kabelen inn etterpå vil det ikkje stå opne kabelgrøfter over eit langt strekke. Ulempene vil derfor vere små. Stien vil bli satt i stand igjen.

*I forhold til Nipa kraft sin rørledning må me ta omsyn til den når me grev slik at den ikkje blir skada, Det vil ikkje få konsekvenser for drifta av kraftanlegget.

*Nipa Kraft brukar gamlevegen i Nipelia som tilkomstveg til den eine kraftstasjonen sin. Vegen er elles stengd for allmen ferdsel. BKK Nett vil setje vegen i stand igjen slik den er og leggje til rette for at tida dei ikkje kan kjøre fram til anlegget blir så kort som råd.

Uttalelse fra andre myndigheter:

*BKK Nett har hatt felles synfaring med Statens vegvesen for å sjå på plasseringa til traseen. Traseen er plassert ut frå det.

*Kabeltraseen brører vassdraget i Nipedalen, Lov om laksefisk og innlandsfisk mv. og Lov om vassdrag og grunnvann blir derfor gjeldande. Me kontakta Fylkesmannen i Vestland si klima og miljøavdeling, dei hadde ingen merknad. NVE ønskte at me sendte inn søknad om vurdering av konsesjon. Dei har ikkje fått behandla søknaden endå, så me har diverre ingen utale frå dei.

Avtale med grunneiere. Melding til naboer vedrørende tiltaket:

Traseen ligg i hovudsak på Statens vegvesen sin grunn. Der har me vore på felles synfaring og lagt det til grunn for traseval. Det er sendt søknad om å leggje kabel langs veg, men den er ikkje ferdigbehandla. Reknar med at det er i orden.

Det er sendt to informasjons brev til dei grandre grunneigarane som kan bli berørt og innformert om tiltaket og det er ikkje komme inn motsegner mot planen. Det er gnr./bnr. 55/1 i Masfjorden kommune og 246/1 i Lindås kommune. Her er og festar varsla. (Nipo Kraft AS.) Det skal skrivast grunnavtale med gnr./bnr. 246/1 i Lindås kommune, men me ønskjer å avente det til svaret frå NVE ligg føre.

Tidspunkt for planlagt oppstart:

Oppstart er planlagt til august 2019

På grunn av snøen må det skje før vinteren set inn. Arbeid i Nipelia på gamlevegen er og viktig å få utført i sommarhalvåret på grunn av rasfare.

Distribusjonsliste:

Mottaker	Avdeling	Adresse	Postnr./-sted
Lindås kommune	Avdeling	Adresse	Postnr. og sted
Masfjorden kommune	Avdeling	Adresse	Postnr. og sted
Fylkesmannen i Vestland			

--	--	--	--

<u>Sted</u> Sted	<u>Dato</u> dd.mm.yyyy	<u>Underskrift</u>
---------------------	---------------------------	--------------------

Vedlegg:

Vedlegg 1: Kart

<eventuelle andre vedlegg>